



Eid Kommune

# Vurdering av planar



## Planstrategi for Eid kommune 2016-2020 – Vedlegg 3

Vedteke av Eid kommunestyre, 6. oktober 2016, KS-sak 135/16

Saks nr: 16/20169

Dato: 11.10.2016

Versjon: 1

  
INVITERER

## Innhold


1 Innleiing .....	3
2 Samla tilråding .....	4
3 Vurdering av overordna kartleggingar .....	6
3.1 Statusrapport for helsetilstand og påverknadsfaktorar i Eid kommune 2016 .....	6
3.2 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Eid .....	6
4 Vurdering av kommuneplanar etter plan- og bygningslova .....	7
4.1 Kommuneplan – samfunn .....	7
4.2 Kommuneplan - areal .....	13
5 Vurdering av andre planar og strategiar – ikkje etter plan- og bygningslova .....	14
5.1 Planar knytt til samfunn .....	14
5.2. Planar knytt til organisasjon .....	16
5.3 Beredskapsplanar .....	22
5.4 Tilsynsplanar .....	23
6 Vurdering av systemet for å gjere plan til handling .....	24
6.1 Kommuneplanen sin handlingsdel .....	24
6.2 Økonomiplan .....	25
6.3 Årsbudsjet .....	25
6.4 Verksemdplanar .....	25
6.5 Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport .....	26

## 1 Innleiing

Utviklinga i samfunnet avgjer kva planar vi som kommune og organisasjon har behov for. Det er difor aktuelle og sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga som vert lagt til grunn for kommunen sitt planbehov.

For at vi skal kunne ta stilling til planbehovet må vi ha oversikt over kva vi har av planar/strategiar. Dette dokumentet tek for seg i kva grad eksisterande planar i Eid kommune har oppdaterte mål, strategiar og tiltak og i kva grad planen møter aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga. Og i kva grad planar under arbeid ser ut til å møte slike utfordringar.

Figuren under syner kva som ligg til grunn for vurderingane av kvar enkelt plan-/strategidokument.




Planarbeid er ei kontinuerleg oppgåve og det vert difor gjort greie både for eksisterande planar og planar som er under utarbeiding.

Gjennomgangen av Eid kommune sine planar oppimot *kunnskapsgrunnlag og utfordringar og forventingar til planlegginga* gjev oss kunnskap om behov for nye planar, behov for revisjon av eksisterande planar og grunnlag for å seie at ein plan kan vidareførast utan revisjon eller at den bør gå ut av plansystemet.

I planstrategien og i dette dokumentet er overordna planar og strategiar tekne med. I tillegg har kommunen fleire interne planar for å følgje opp dei overordna føringane i den daglege drifta, dette er planar som ikkje tekne med.

For at kommunen skal ha oppdaterte og eigna styringsverktøy vert det lagt vekt på at ein plan/strategi skal innehalde oppdaterte mål som følgjer opp nasjonale, regionale og lokale føringar. strategiar knytt til kommunen si rolle som samfunnsutviklar, forvaltar og/eller tenesteytar, og tiltak med informasjon om ressursbehov og med konkrete prioriteringar av kva som skal gjennomførast først og sist.

Figuren under syner korleis ulike planar inngår i plansystemet i Eid kommune, frå kartlegging til planlegging og vidare til handling.



Plansystemet er tredelt. For det første må oppdatert kunnskap om samfunnet leggest til grunn for kva planar ein skal prioritere. For det andre må det i planane setjast mål for vidare utvikling og strategiar for val at korleis ein skal oppnå ønskt utvikling. Til slutt må prioriterte tiltak koplatt til ressursar som økonomi og kompetanse for å oppnå gjennomføring.

Under er det gjort greie for kvar i dokumentet ein kan finne eksisterande kartleggingar og planar.

Overordna kartleggingar	<i>Sjå kapittel 3</i>
Planar etter reglane i plan- og bygningslova	<i>Sjå kapittel 4</i>
Planar/strategiar som ikkje er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova	<i>Sjå kapittel 5</i>
Handling – gjennomføring av tiltak	<i>Sjå kapittel 6</i>

## 2 Samla tilråding

Overordna kartleggingar	Tilråding
Statusrapport for helsestilstand og påverknadsfaktorar i Eid kommune 2016	Statusrapporten vert revidert årleg, med ein meir omfattande revisjon i 2019/2020 inn i mot arbeidet med planstrategi.
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Eid	Den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen vert revidert årleg.
<b>Kommuneplan og kommunedelplanar som er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova</b>	<b>Tilråding</b>
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025	Planen vert vidareført.
Kommunedelplan for oppvekst 2017-2029	Når planen er vedteken vert den vidareført.
Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene 2017-2029	Når planen er vedteken vert den vidareført.
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2026	Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.
Kommunedelplan for veg og trafikktrygging 2017-2029	Når planen er vedteken vert den revidert i planstrategiperioden.
Kommunedelplan for energi og klima	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028	Når planen er vedteken vert den vidareført.
Kommunedelplan for samanslåing av skulekrinsane for Stårheim og Kjølisdalen	Planen utgår.
Kommunedelplan for breiband 2016-2028	Planen vert vidareført.
Kommunedelplan – Hovudplan for vatn 2003-2008	Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.

Kommunedelplan – Hovudplan for avløp 2000-2009	Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.
Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027	Det vert utført ein avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen).
Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget	Planen vert vidareført.
Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda	Når planen er vedteken vert den vidareført.
<b>Andre planar og strategiar, som ikkje er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova</b>	<b>Tilråding</b>
Bustadsosial handlingsplan 2013-2023	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Plan for mottak av flyktingar i Eid kommune 2013-2017	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2019	Planen vert vidareført.
SMIL - Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket for Eid kommune 2013 – 2016	Strategien vert revidert i planstrategiperioden.
Overordna plan for hjorteforvaltning 2010-2015	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen	Planen vert vidareført.
Helse, miljø og tryggleiksplan (HMT-plan)	Planen vert vidareført.
Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 (IA-plan)	Planen vert revidert i planstrategiperioden, i 2017 og 2019.
Plan for bedriftshelseteneste 2016	Planen vert revidert årleg, med omfattande revisjon i 2017.
Lønspolitisk plan 2015-2016	Planen vert revidert årleg.
Arkivplan	Planen vert revidert minimum årleg.
Overordna plan for sikring av personsensitive opplysingar i Nordfjordkommunane	Planen vert revidert årleg.
IKT-tryggingsplan for Nordfjordkommunane	Planen vert vidareført.
Informasjons- og kommunikasjonsstrategi	Når strategien er vedteken vert den vidareført.
Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016-2020	Strategien vert vidareført.
IKT-strategi for Nordfjordkommunane 2016-2020	Strategien vert revidert årleg.
ENØK-plan for Eid kommune	Planen vert vidareført, revisjon bør vurderast nærare i samband med revisjon av kommunedelplan for energi og klima.
Spesialpedagogisk plan 2013-2017	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Strategiplan for minoritetsspråklege	Planen vert revidert i planstrategiperioden.
Førebyggjande handlingsplan for brann	Planen vert revidert årleg.
Overordna beredskapsplan for Eid kommune	Planen vert revidert minimum årleg.
Smittevernplan	Planen vert revidert minimum årleg.
Pandemiplan	Planen vert revidert minimum årleg.
Tilsynsplan etter forureiningsforskrifta	Planen vert revidert årleg.
Tilsynsplan for byggesak	Planen vert revidert årleg.
Tilsynsplan for brann	Planen vert revidert årleg.
<b>Systemet for å gjere plan til handling</b>	<b>Tilråding</b>
Kommuneplanen sin handlingsdel	Kommuneplanen sin handlingsdel vert revidert årleg.
Økonomiplan	Planen vert revidert årleg.
Årsbudsjett	Budsjettet vert revidert årleg.
Verksemdplanar	Planane vert revidert årleg.
Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport	Vert oppdatert minimum årleg.

## 3 Vurdering av overordna kartleggingar

### 3.1 Statusrapport for helsetilstand og påverknadsfaktorar i Eid kommune 2016

<b>Vedtak:</b> Statusrapporten for helsetilstand og påverknadsfaktorar vart utarbeidd og ferdigstilt i samband med utarbeiding av planstrategi 2016-2020.
<b>Innhald:</b> Statusrapporten er utarbeidd etter lovkrav i folkehelselova § 5 og gjev ei nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på denne.
<b>Vurdering:</b> Statusrapporten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, jf. folkehelselova § 6. Statusrapporten er nytta som grunnlag for drøftingar av folkehelseutfordringar i planstrategien som no vert utarbeidd. Det vil vere behov for å oppdatere statusrapporten før arbeidet med neste planstrategi tek til. Dette bør vere ein meir omfattande revisjon med oppdatering av drøftingar og konklusjonar.  Vidare står det i folkehelselova § 6 at: <i>"Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven1 kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd."</i> Dette føreset at statusrapporten til ei kvar tid er oppdatert som grunnlag for planarbeid og dermed at statusrapporten vert revidert med jamne mellomrom. Ein årleg revisjon som er avgrensa til oppdatering av kunnskapsgrunnlaget er difor å tilrå.  Statusrapporten peikar på kvar kommunen manglar kunnskap om helsetilstand og påverknadsfaktorar i Eid kommune. I løpet av dei neste fire åra bør det leggast vekt på at relevante kommunedelplanar, planar og strategiar prioriterer tiltak som kartleggingar og innføring av kartleggingssystem som sikrar kunnskap på desse områda. Ny kunnskap vil gje eit godt grunnlag for den meir omfattande revisjonen som skal skje kvart fjerde år inn i mot arbeidet med planstrategi.
<b>Tilråding:</b> Statusrapporten vert revidert årleg, med ein meir omfattande revisjon i 2019/2020 inn i mot arbeidet med planstrategi.
<b>Ressursbehov:</b> Revisjon vert dekkja av ordinær drift. Avdelingane følgjer opp den årlege revisjonen og den meir omfattande revisjonen kvart fjerde år, gjennom prioritering av driftsoppgåver i sine verksemdplanar.

### 3.2 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Eid

<b>Vedtak:</b> Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Eid vart teke til orientering av Eid kommunestyre 10. september 2015. Også Vågsøy og Selje kommunar har teke denne til orientering. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at det skal utarbeidast ROS-analyse for datatryggleik, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.
<b>Innhald:</b> Den heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysen er utarbeidd i tråd med føringar i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 og inneheld dermed ei kartlegging og vurdering av sannsynet for uønskte hendingar som kan oppstå i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen. Vidare står det at den stettar krava i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), og lov om helsemessig og sosial beredskap.

**Vurdering:**

Det skal vere ei kopling mellom kommunen sitt arbeid etter sivilbeskyttelseslova og plan- og bygningslova. Kommunen skal nytte den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen i vurderinga av om det er forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova og analysen skal danne utgangspunkt for ein overordna beredskapsplan, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 3 og 4. Funn i den heilskapelege ROS-analysen kan føre til behov for oppfølging i planar etter plan- og bygningslova. I løpet av dei neste fire åra bør det difor leggast vekt på at relevante kommunedelplanar, planar og strategiar prioriterer tiltak som følgjer opp ROS-analyser og dermed bidreg med å oppnå betre samfunnstryggleik. Den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen kan med fordel oppdaterast slik at den vert enklare å følgje opp i kommunen sine planar, spesielt i kommunen sitt beredskapsarbeid.

Vidare står det i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 at: *"Der det avdekkes behov for vidare detaljanalyser skal kommunen foreta ytterligere analyser eller oppfordre andre relevante aktører til å gjennomføre disse. Kommunen skal stimulere relevante aktører til å iverksette forebyggende og skadebegrensende tiltak."* Analysen peikar på kvar kommunen manglar kunnskap om risiko- og sårbarheit knytt til uønskte hendingar som kan oppstå i Eid kommune. For at kommunen skal vere rusta for framtida bør aktuelle risiko- og sårbarheitsområder inngå i den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen.

Risiko- og sårbarheitsanalysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplaner og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbildet, jf. sivilbeskyttelseslova § 14. Revisjon minimum ein gong pr. år er difor å tilrå.

**Tilråding:**

Den heilskapelege ROS-analysen vert minimum revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 4 Vurdering av kommuneplanar etter plan- og bygningslova

### 4.1 Kommuneplan – samfunn

#### 4.1.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 20. juni 2013 med heimel i plan- og bygningslova.

**Innhald:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin overordna plan med heilskapelege og langsikte mål for samfunnsutviklinga for Eid kommune som ein stad å bu, vekse opp, ta i mot sitt helse- og omsorgstilbod, arbeide, drive næring og tilbringe fritid.

Både mål og strategiar vart oppdaterte i samband med revisjonen av planen i perioden 2012-2013. Tiltak etter denne planen er å finne i Eid kommune sin handlingsdel som vert oppdatert årleg.

**Vurdering:**

Planen er overordna med heilskapelege og langsiktige mål som gir ei retning for utviklinga som møter aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga. Gjennom bruk av planen har ein oppdaga manglar, det ville difor vore gunstig med ein revisjon for å spisse planen. Sidan dette er ein plan av nyare dato og svært overordna karakter er det ikkje naudsynt å prioritere dette i denne planperioden. Det kan vere ein fordel å vente slik at fleire kommunedelplanar vert oppdatert og utarbeidd før ny revisjon av samfunnsdelen.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

#### 4.1.2 Kommunedelplan for oppvekst 2017-2029 – under utarbeiding

**Vedtak:**

Planarbeidet vart starta opp i april 2014 med heimel i plan- og bygningslova. Planen er per 18. august 2016 ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

**Innhald:**

Føringar frå planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel "Å vekse opp i Eid" er følgt opp i planprogrammet. Der det og står at planen skal handle om kvalitet i barnehage, skule, SFO, kulturskule, helseteneste, barnevern og tverrfagleg samarbeid.

**Vurdering:**

Dette er ein kommunedelplan som skal utdjupe heilskaplege og langsiktige mål, strategiar og tiltak for samfunnsutviklinga knytt til å vekse opp i Eid. Det vert lagt til grunn at denne planen vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Når planen er vedteken vert den vidareført.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande utarbeiding av plan.

#### 4.1.3 Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene 2017-2029 – under utarbeiding

**Vedtak:**

Planarbeidet vart starta opp i mars 2015 med heimel i plan- og bygningslova. Planen er per 18. august 2016 ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

**Innhald:**

I planprogrammet er det lagt til grunn at planen skal byggje på gjeldande planar; del 1 investering og del 2 tenesteyting, med tilhøyrande kartleggingar som var utarbeidde i 2009 (utbygging) og 2011 (tenesteyting). Det er vidare lagt vekt på at planen skal vere ei samordning av desse og ein revisjon slik at planen vert oppdatert. Overordna føringar frå planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel under "Å ha sitt helse og omsorgstilbod i Eid" er ikkje synleggjort i planprogrammet.

**Vurdering:**

Dette er ein kommunedelplan som skal utdjupe heilskaplege og langsiktige mål, strategiar og tiltak for samfunnsutviklinga knytt til å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid. Utifrå planprogrammet er det usikkert om denne planen vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga, då det er lagt vekt på samle eldre planar i eit nytt dokument. Det er likevel element i planprogrammet som tyder på at planen kan bli oppdatert slik at den møter aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga.

Utdrag frå helse- og omsorgslova § 3-1 tredje ledd: *"Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift."*

For at planen skal møte dagens utfordringar må den ta omsyn til oppdatert kunnskap i statusrapporten for helsetilstand og påverknadsfaktorar og gjere nøyare utgreiingar der det er behov for det. Det er forventingar om at denne planen skal legge føringar for kommunen sitt arbeid med følgjande tema dei komande åra: psykisk helse, rus, demens omsorg, kreft, kreftlindrande behandling, rehabilitering, tverrfagleg samarbeid, utbygging, kompetanse og rekruttering, vold i



nære relasjonar, psykisk utviklingshemma, velferdsteknologi og seksuelle overgrep. Rådmannen legg til grunn at planen når den er ferdig utarbeidd vil møte dagens aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga i møte med dei som har sitt helse- og omsorgstilbod i Eid.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Når planen er vedteken vert den vidareført.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande revisjon.

#### 4.1.4 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2026

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 12. desember 2013 med heimel i plan- og bygningslova. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Både mål og strategiar vart oppdaterte i samband med revisjonen av planen i perioden 2012-2013. Førre plan omhandla berre anlegg, denne planen er oppdatert med tiltak som følgjer opp utvikling innan idrett og fysisk aktivitet utover bygging av anlegg. Tiltak er prioritert i eigen handlingsdelen i kommunedelplanen.

**Vurdering:**

Kommunedelplanen følgjer opp og utdjuar kommuneplanen sin samfunnsdel sine heilskaplege og langsiktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga knytt til å tilbringe aktiv fritid i Eid. Planen inneheld ei god beskriving av nosisasjonen for kommunen og det er vedteke tiltak innanfor både idrett og friluftsliv. Kommunedelplanen er derimot svak når det gjeld prioritering mellom tiltak, og då særleg prioritering av tiltak på anleggssida. I Kulturdepartementet sin rettleiar «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» vert det lagt vekt på at planen må vere underlagt politisk styring i kommunen. Vidare står der følgjande:

*«Hensikten med planen er å ha en politisk vedtatt og oppdatert langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg i kommunen. Brukere av planen er i tillegg til politikere, ansatte i administrasjonen, idrettsorganisasjoner og engasjerte innbyggere.»*

Støtteordning for spelemidlar føreset at kommunen har ein plan som omhandla dette temaet. Kommunedelplanen dekkjer dette området.

Administrasjonen har registrert at det frå ulike hald, også politisk, har vore ytra ynskje om ein ny debatt om anleggsutviklinga i Eid kommune, med ei tydeleg prioritering mellom anlegg og med retningslinjer for prioritering av spelemidlar. Problemstillinga er av politisk karakter og det er vanskeleg for administrasjonen å svare på om planen bør rullerast med eit slikt føremål. Rådmannen tilrår i alle høve at kommunedelplanen inngår i ein ny overordna plan der mellom anna kultur også inngår.

I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg planlegging av vidareføring av ridesti frå Vårsetra inne som eit tiltak 2017-2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.

#### 4.1.5 Kommunedelplan for veg og trafikktrygging 2017-2029 – under utarbeiding

**Vedtak:**

Planarbeidet vart starta opp i juni 2015 med heimel i plan- og bygningslova. I møtet 16. juni 2016 gjorde formannskapet vedtak om å legge planen ut til offentleg ettersyn. Planen er per 18. august 2016 ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

**Innhald:**

I planprogrammet er det gjort greie for relevante strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Forslag til kommunedelplan (vedteke lagt ut til offentleg ettersyn) bygger på gjeldande plan og tek ikkje opp i seg dei relevante strategiane frå kommuneplanen sin samfunnsdel. I planen er det lagt vekt på at denne revisjonen er utført for å få tilgang til TIK-midlar.

**Vurdering:**

Dette er ein kommunedelplan som skal utdjupe heilskapelege og langsiktige mål, strategiar og tiltak for samfunnsutviklinga knytt til infrastrukturen i Eid med vekt på Eid som ein stad å bu, vekse opp, arbeide, drive næring og tilbringe fritid.

Støtteordning for trafikktryggingsmidlar føreset at kommunen har ein plan som omhandlar dette temaet. Kommunedelplanen dekkjer dette området.

Kommunen si rolle i forhold til å ha ein dialog med overordna mynde om prioritering i tråd med heilskapelege og langsiktige mål og strategiar for veg og trafikktrygging i Eid kommune utover eige vegnett er pr. i dag ikkje ein del av planen. Forventingane til kommunen frå lokale aktørar syner at dette er eit viktig område for lokale prioriteringar.

Sidan planen er lagt ut til offentleg ettersyn utan at dette er teke med kan ein ikkje gå ut ifrå at planen møter dagens aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga med ved til dømes å ta omsyn til oppdatert kunnskap i statusrapporten for helsetilstand og påverknadsfaktorar.

For å oppnå ynskt samfunnsutvikling og foreta nødvendige prioriteringar er det nødvendig med ein omfattande revisjon. Dette vil vere krevjande.

Eid kommune har søkt om tilskot frå Klimasats til Kommunal sykkelstrategi, jf. KS-vedtak 074/16 – denne strategien vil bli utarbeidd dersom Eid kommune får tilskot. Miljødirektoratet vil gi eit svar i september 2016. Dersom denne strategien må ny kommunedelplan ta høgde for denne.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Når planen er vedteken vert den revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande revisjon. Ny revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

#### 4.1.6 Kommunedelplan for energi og klima

**Vedtak:**

Kommunedelplan for energi og klima vart vedteke av Eid kommunestyre den 5. mars 2009, sak KS-006/09. I planstrategien for perioden 2012 – 2016 vart det vedteke at arbeidet med revisjon av kommunedelplan for energi og klima skulle starte i 2015 med vedtak av plan i 2016, jf. Vedtak av Eid kommunestyre 8. mai 2014, sak KS-058/14. Planarbeidet er pr. 18 august 2016 ikkje starta opp. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at kommunedelplan for energi og klima skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Kommunedelplanen tek føre seg status, utvikling og strategiske val på energi- og klimaområdet. Vidare set den mål og tiltak for fokusområda i planen.

**Vurdering:**

I førre planstrategiperiode kom ein til den konklusjonen at kommunedelplanen skulle reviderast. Administrasjonen held fast på denne vurderinga. Mykje har skjedd på energi- og klimaområde sidan planen vart vedteken i 2009 og det er behov for å gå gjennom dei strategiske vala og tiltaka på nytt. Kommunedelplanen må mellom anna bli eit betre styringsverktøy for dei kommunale utbyggingstiltaka og for klimatilpassing, eit tema som ikkje er med i gjeldande plan. Berekraftig utvikling av miljøet er heller ikkje tema i gjeldande plan.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

Revisjon av kommunedelplanen for energi og klima bør sjåast i samheng med ENØK-plan for Eid kommune.

**Tilråding:**

Planen vert revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

#### 4.1.7 Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028 – under utarbeiding

**Vedtak:**

Planarbeidet vart starta opp i juni 2014 med heimel i plan- og bygningslova. Planen er per 18. august 2016 ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

**Innhald:**

Relevante strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel er følgt opp i planprogrammet.

**Vurdering:**

Dette er ein kommunedelplan som skal utdjupe heilskapelege og langsiktige mål, strategiar og tiltak for samfunnsutviklinga knytt til kulturarven i Eid med vekt på Eid som ein stad å bu, vekse opp, drive næring og tilbringe fritid. Det vert lagt til grunn at denne planen vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga.

Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne, jf. KS-vedtak 062/15.

I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg verdianalyse Eidsgata inne som eit tiltak etter 2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15. Dette må også innarbeidast i handlingsdelen til kommunedelplan for kulturminne.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Når planen er vedteken vert den vidareført.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande utarbeiding av plan.

#### 4.1.8 Kommunedelplan for samanslåing av skulekrinsane for Stårheim og Kjølaldalen

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 25. oktober 2012 med heimel i plan- og bygningslova.

**Innhald:**

Planen tok føre seg samanslåing av skulekrinsane Stårheim og Kjølsdalen.

**Vurdering:**

Formålet med planen var å slå saman skulekrinsane. Dette er no gjort og planen er fullført. Planen har difor ikkje lenger relevans i samfunnsutviklinga og vert teken ut av plansystemet.

**Tilråding:**

Planen utgår.

#### 4.1.9 Kommunedelplan for breiband 2016-2028

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 10. mars 2016 med heimel i plan- og bygningslova, jf. KS-sak 022/16.

**Innhald:**

Både mål og strategiar for breibandutbygginga i Eid vart oppdaterte i samband med utarbeidinga av breibandplanen. Planen inneheld ein eigen handlingsdel for med prioriterte tiltak innanfor området.

**Vurdering:**

Kommunedelplanen er nyleg vedteken og følgjer opp og utdjuar kommuneplanen sin samfunnsdel sine heilskaplege og langsiktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga. Kommunedelplanen gjeld fram til 2028 og det vert lagt til grunn at denne planen vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga i planstrategiperioden.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

#### 4.1.10 Kommunedelplan – Hovudplan for vatn 2003-2008

**Vedtak:**

Kommunedelplan - Hovudplan for vassforsyning i Eid 2003-2008 vart vedteke av Eid kommunestyre 27. februar 2003, i KS-sak 006/03. I planstrategi frå 2012, er det lagt opp til at hovudplan for vatn og hovudplan for avløp skal bli ein ny kommunedelplan for vatn og avløp. Dette planarbeidet vart ikkje starta opp i planperioden.

**Innhald:**

Planen tek for seg tiltak innanfor temaet vassforsyning.

**Vurdering:**

Det har kome nye krav innan dette området sidan denne planen vart vedteken det er difor behov for revisjon, spesielt med tanke på berekraftig utvikling og klimatilpassing. Kommunedelplan hovudplan for vatn bør inngå i ein større plan som handlar om vassforsyning, avlaup- og overvasshandtering. Det vil vere krevjande å revidere planen, revisjonen bør kome i etterkant av revisjon av kommunedelplan for energi og klima, for å følgje opp ytterlegare under dette temaet.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.

#### 4.1.11 Kommunedelplan – Hovudplan for avløp 2000-2009

**Vedtak:**

Det er uklart når kommunedelplan - Hovudplan for avløp 2000-2009 vart vedteke. I planstrategi frå 2012, er det lagt opp til at hovudplan for vatn og hovudplan for avløp skal bli ein ny kommunedelplan for vatn og avløp. Dette planarbeidet vart ikkje starta opp i planperioden.

**Innhald:**

Planen tek for seg tiltak innanfor temaet avløpshandtering.

**Vurdering:**

Det har kome nye krav innan dette området sidan denne planen vart vedteken det er difor behov for revisjon, spesielt med tanke på berekraftig utvikling og klimatilpassing. Kommunedelplan hovudplan for vatn bør inngå i ein større plan som handlar om vassforsyning, avlaup- og overvasshandtering. Det vil vere krevjande å revidere planen, revisjonen bør kome i etterkant av revisjon av kommunedelplan for energi og klima, for å følgje opp ytterlegare under dette temaet.

Handlingsdelen skal reviderast årleg.

**Tilråding:**

Planen skal inngå i ny plan som skal omhandle eit vidare område, og utgår difor i noverande form.

## 4.2 Kommuneplan - areal

### 4.2.1 Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 4. juni 2015 med heimel i plan- og bygningslova.

**Innhald:**

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sin overordna plan for arealbruk. Heile planen, med både plankart og føresegnar vart oppdaterte i samband med revisjonen av planen i perioden 2012-2015.

**Vurdering:**

Planen er nyleg oppdatert og følgjer opp aktuelle/sentrale utfordringar og overordna mål for samfunnsutviklinga.

Det kan vere behov for avgrensa rulleringar av arealdelen i planstrategiperioden, der ein særleg ser på behovet for avsetting av nye område til bustadføre mål i bygdene utanfor Nordfjordeid sentrum. Arealdelen opnar i dag opp for nye framtidige bustadområde og administrasjonen meiner at arealdelen i dag dekkjer behovet for areal til bustadtomter i kommunen. Det er likevel viktig å vere i forkant av utviklinga og behovet for ei rullering av planstrategien bør gjerast årleg. Omsynet til næringsutvikling bør då også vektleggast.

*Kommunestyret syner til innspel frå Haugen og Dalen Bygdeutviklingslag. Kommunestyret ber Rådmannen innarbeide i framlegget til planstrategi ei sak om ei avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen). Jf. vedtak i Eid kommunestyre 1. september 2016, KS-sak 117/16.*

**Tilråding:**

Det vert utført ein avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen).

### 4.2.2 Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget

**Vedtak:**

Planen vart vedteken av Eid kommunestyre 21. juni 2007, sak KS-040/07, med heimel i plan- og bygningslova. Planen er også vedtatt i Hornindal og Stryn kommunar.

**Innhald i planen:**

I planen er det gjort ei verdivurdering av naturvern, friluftsliv, vilt og ferskvassfisk og det er fastsett ei sondeinndeling av vassdraga med forvaltningskategoriar.

**Vurdering av planen:**

Hornindalsvassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I, 6.april 1973. Det vart vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag 10.november 1994 (RPR).

Retningslinjene finst i T-1082 frå Miljøverndepartementet. Forvaltningsplanen er ei oppfølging av den vedtekte verneplanen og skal synleggjere kva som er mogleg å gjere innanfor dei rammene som er sett for verna vassdrag.

Planen er detaljert og har relevante, langsiktige mål og strategiar som gir ei retning for framtidig samfunnsutvikling og arealforvaltning.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

### 4.2.3 Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda – under utarbeiding

**Vedtak:**

Planarbeidet vart starta opp i januar 2015 med heimel i plan- og bygningslova. Planen er per 18. august 2016 ikkje lagt ut til offentleg ettersyn. Planen vert utarbeidd i eit samarbeid mellom Eid og Gloppen kommunar.

**Innhald i planen:**

I planprogrammet er det lagt til grunn at planen skal leggje til rette for ferjefri fjordkryssing mellom Anda og Lote der dagens E39 kryssar Nordfjorden med ferje.

**Vurdering av planen:**

Det vert lagt til grunn at denne planen vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga når det vert vedteken.

**Tilråding:**

Når planen er vedteken vert den vidareført.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande utarbeiding av plan.

## 5 Vurdering av andre planar og strategiar – ikkje etter plan- og bygningslova

### 5.1 Planar knytt til samfunn

#### 5.1.1 Bustadsosial handlingsplan 2013-2023

**Vedtak:**

Eid kommunestyret godkjende den 23. mai 2013 Bustadsosial handlingsplan for 2013-2023. Planen vart sist revidert av driftsutvalet den 12. februar 2015, sak DFU-008/15.

**Innhald:**

Handlingsplanen skal gje grunnlag for systematiske, langsiktige og målretta tiltak for å kunne tilby bustader og bustadsosial rådgjeving til grupper som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølve.

**Vurdering:**

Handlingsplanen er av nyare dato og er elles nyleg revidert. Mottak av flyktningar har ført til eit behov for å oppdatere tiltak. Planen bør difor reviderast i løpet av planperioden, revisjon bør vurderast i samband med arbeid med plan for mottak av flyktningar.

**Tilråding:**

Planen vert revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.1.2 Plan for mottak av flyktningar i Eid kommune 2013-2017

**Vedtak:**

Planen er utarbeidd som oppfølging av vedtak om mottak av flyktningar gjort i Eid kommunestyre 6. september 2012, jf. KS-sak 088/12.

**Innhald:**

Planen tek for seg samla behov for kompetanse, økonomi og andre ressursar for å kunne ta i mot 30 flyktningar.

**Vurdering:**

Mottak vert vurdert kvart år, i samband med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) sine behov for busetjing.

Revisjon av planen bør koordinerast med revisjon av strategiplan for minoritetsspråklege og koplast til bustadsosial handlingsplan . Det bør utførast ein revisjon av planen i 2017.

**Tilråding:**

Planen vert revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.1.3 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2019

**Vedtak:**

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2016 – 2020 vart vedteken av Eid kommunestyre 22. juni 2016, KS-sak 079/16.

**Innhald:**

Planen er ein alkoholpolitisk handlingsplan med to delar:

1. rusmiddelpolitisk del
2. løyvepolitisk del – retningslinjer for skjenke- og salsløyve.

**Vurdering:**

Handlingsplanen skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i 4-årsperioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningslinjer for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem. Planen er revidert i samsvar med kravet i alkohollova § 1-7 bokstav d og administrasjonen finn ikkje grunnlag for ny revisjon i planstrategiperioden.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

### 5.1.4 SMIL - Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket for Eid kommune 2013 – 2016

**Vedtak:**

Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket for Eid kommune 2013 – 2016, vart vedteken av Eid kommunestyre 14. mars 2013, i KS-sak 016/13.

**Innhald:**

Strategien inneheld lokale mål og prioriteringar for tildeling av midlar.

**Vurdering:**

Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknader, jf. forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 8. Denne strategien må difor reviderast for at lokale

aktører skal kunne søke om SMIL-midler.

**Tilråding:**

Strategien vert revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.1.5 Overordna plan for hjorteforvaltning 2010-2015

**Vedtak:**

Overordna plan for hjorteforvaltning 2010-2015 vart vedteken av Eid kommunestyre 14. oktober 2010, i KS-sak 082/10.

**Innhald:**

Planen inneheld mål og strategiar for hjorteforvaltninga i Eid kommune. Planen tek opp i seg statlege og regionale føringar for viltforvaltninga og dannar grunnlag for godkjenning av valda sine avskytingsplanar og hjorteforvaltning.

**Vurdering:**

Planen gjekk ut i 2015 og rådmannen tilrår at ny strategiplan vert utarbeidd. Viltforvaltninga ligg under Landbrukskontoret for Eid og Gloppen og ein må vurdere om ny felles plan skal utarbeidast eller om det skal utarbeidast ny plan berre for Eid kommune.

**Tilråding:**

Planen vert revidert i planstrategiperioden.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.1.6 Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen

**Vedtak:**

Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen vart vedteken av Eid kommunestyre 4. juni 2015, i KS-sak 060/15.

**Innhald:**

Planen inneheld tiltak for gjennomføring av tiltak som følgje av sentrumsanalysen.

**Vurdering:**

Sentrumsanalysen vert vurdert til å framleis vere relevant for samfunnsutviklinga i Nordfjordeid sentrum. Tiltaksplanen føl opp anbefalingane i sentrumsanalysen og har difor også relevans i det vidare utviklingsarbeidet. Rådmannen finn difor ikkje grunnlag for å revidere tiltaksplanen på noverande tidspunkt

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

## 5.2. Planar knytt til organisasjon

### 5.2.1 Helse, miljø og tryggleiksplan (HMT-plan)

**Vedtak:**

Fellesdelen av HMT-planen vart vedteken av arbeidsmiljøutvalet 28. november 2008, jf. vedtak i AMU-sak 018/08.

**Innhald:**

Planen inneheld målsetjing for HMT-arbeidet i Eid kommune og ansvarsfordeling for HMT-arbeidet.

**Vurdering av planen:**

Dette er ein overordna plan som i stor grad vert følgt opp av avdelingane sine IA-planar. Det er



ynskjeleg med revisjon av denne, men då behovet for revisjon av andre planar er større og kapasiteten er låg, vert revisjon av denne planen nedprioritert.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

### 5.2.2 Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 (IA-plan)

**Vedtak:**

Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 vart vedteken av arbeidsmiljøutvalet 30. april 2015, i AMU-sak 005/15. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 og for 2017-2019 at IA-plan skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Planen omhandlar sjukefråvær, sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne, seniorpolitikk og livsfasepolitikk. Den inneheld eit system med nasjonale og lokale mål, status, tiltak og rapportering.

**Vurdering:**

Som IA-bedrift har Eid kommune rett til å nytte seg av verkemiddel gjennom NAV som ulike støtteordningar og IA-kontaktperson. Til gjengjeld har Eid kommune plikt til å stille opp mål og tiltak for arbeidet med inkluderande arbeidsliv i kommunen.

Avdelingane skal følgje opp IA-planen i sine verksemdplanar.

Planen bør reviderast i samband med ny forhandling av den nasjonale IA-avtalen, anna kvart år. Det er difor aktuelt med revisjon i 2017 og 2019.

**Tilråding:**

Planen vert revidert i planstrategiperioden, i 2017 og 2019.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.3 Plan for bedriftshelseteneste 2016

**Vedtak:**

Plan for bedriftshelseteneste er vedteken av arbeidsmiljøutvalet 17. november 2015 i AMU-sak 023/15. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 og for 2017-2019 at plan for bedriftshelseteneste skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Plan for bedriftshelseteneste inneheld ei prioritering av kva bedriftshelsetenesta skal bistå kommunen med.

**Vurdering:**

Det er "Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning", §13-3 som seier at arbeidsgjevar i samarbeid med bedriftshelsetenesta skal utarbeide plan for bistand frå BHT. Dette er ein del av det systematiske helse- miljø og tryggleiksarbeidet. For at denne planen skal følgje opp aktuelle utfordringar i helse- miljø og tryggleiksarbeidet bør den reviderast årleg, kvar haust.

I 2017 skal det inngåast ny avtale om kjøp av bedriftshelseteneste, det kan difor vere behov for ein meir omfattande revisjon i samband med dette.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg, med omfattande revisjon i 2017.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

#### 5.2.4 Lønspolitisk plan 2015-2016

**Vedtak:**

Lønspolitisk plan for Eid kommune 2015-2016, vart vedteken i administrasjonsutvalet 30. april 2015, jf. AU-sak 005/15. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2017-2019 at lønspolitisk plan skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Planen omhandlar lokal lønspolitikk.

**Vurdering:**

Planen dekkjer kravet om at kommunane skal ha ein lokal lønspolitikk, jf. Hovudtariffavtala kapittel 3.2. Det er hensiktsmessig å revidere den lønspolitiske planen i etterkant av sentrale lønsoppgjer.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

#### 5.2.5 Arkivplan

**Vedtak:**

Arkivplanen ligger under rådmannen sitt ansvarsområde og vart sist revidert 27. november 2015.

**Innhald:**

Arkivplanen inneheld ansvar og mynde, rutinar, regelverk, oversyn for arkiva og organisasjonen.

**Vurdering:**

Arkivplanen skal sikre at Eid kommune ivaretek arkivansvaret sitt etter arkivlova § 6: *"Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid."* Krav til kommunal arkivplan er å finne i *forskrift om offentlege arkiv § 2-2: "Eit offentleg organ skal til kvar tid ha ein ajourført samleplan, ein arkivplan, som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva slags instruksar, reglar, planar m.v. som gjeld for arkivarbeidet."* Dette føreset at arkivplanen vert revidert jamleg. Arkivplan.no er oppdatert og det skal no vere enklare å utføre ein revisjon av arkivplanen. For å oppfylle lovkravet må arkivplanen oppdaterast kontinuerleg.

**Tilråding:**

Planen vert revidert minimum årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

#### 5.2.6 Overordna plan for sikring av personsensitive opplysingar i Nordfjordkommunane

**Vedtak:**

Overordna plan for sikring av personsensitive opplysingar i Nordfjordkommunane vart vedteken av kommunestyret 12. desember 2013, jf. vedtak i KS-sak 133/13. Planen er også gyldig i dei andre kommunane i Nordfjord.

**Innhald:**

Plan for sikring av personsensitive opplysingar er eit administrativt verktøy og ein del av kommunen sin arkivplan. Den inneheld konkrete målsettingar som skal sikre at kommunen handsamar personsensitive opplysingar i samsvar med gjeldane lover og forskrifter.

**Vurdering:**

Planen er ei oppfølging av krav til informasjonstryggleik i personopplysningslova § 13:

"Den behandlingsansvarlige og databehandleren skal gjennom planlagte og systematiske tiltak sørge for tilfredsstillende informasjonssikkerhet med hensyn til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet ved behandling av personopplysninger."

Rådmannen har ansvaret for sikring av personsensitive opplysninger i kommunen. Rådmannen har difor mynde til å vedta planen og utføre revisjon av denne. For å oppfylle lovkravet bør planen oppdaterast årleg, det er gjeve føringar for slik årleg revisjon i sjølve planen.

Overordna plan for sikring av personsensitive opplysningar i Nordfjordkommunane skal koplast til arkivplanen.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.7 IKT-tryggingplan for Nordfjordkommunane

**Vedtak:**

IKT-tryggingplan vart ferdigstilt våren 2016 og gjeld for heile Nordfjord, den skal følgjast opp vidare lokalt.

**Innhald:**

Planen gjer greie for IKT-trygging i Nordfjordkommunane.

**Vurdering:**

Planen bygger opp under eit viktig område, og skal følgjast opp vidare lokalt.

**Tilråding:**

Planen vert vidareført.

### 5.2.8 Informasjons- og kommunikasjonsstrategi – under utarbeiding

**Vedtak:**

I saka om kommuneplanen sin handlingsdel 2015-2018 vart det av kommunestyret i møtet 11. desember 2014 vedteke at det skulle innførast elektronisk kommunikasjon med innbyggjarane og at profilen "Eid Inviterer" skulle utviklast, jf. KS-sak 144/14. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2016 at informasjons- og kommunikasjonsstrategi for Eid kommune skal ferdigstillast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Informasjons- og kommunikasjonsstrategien skal byggje på Eid kommune sin visjon og verdiar. Eid inviterer til ein imøtekomande kommune, viktige verdiar: dialog og kommunikasjon, kreativitet, lojalitet og samarbeidsvilje og medverknad. Strategien skal innehalde følgjande kommunikasjonsmål: "Eid kommune sin informasjon og kommunikasjon er lett å forstå og inviterer til dialog og medverknad".

**Vurdering:**

Det er lagt opp til at strategien skal vere eit nyttig verktøy for utvikling av Eid kommune sin kommunikasjon med omverda.

**Tilråding:**

Når strategien er vedteken vert den vidareført.

**Ressursbehov:**

Det er sett av ressursar til pågåande utarbeiding av strategi.

### 5.2.9 Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016-2020

<b>Vedtak:</b> Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016-2020 vart vedteken av Eid kommunestyre 22. juni 2016, jf. KS-sak 073/16. Denne strategien er også vedteken i dei andre kommunane i Nordfjord, unntatt Stryn som skal behandle den i september 2016.
<b>Innhald:</b> Digitaliseringsstrategien handlar om korleis IKT kan gjere tilgangen til tenester og informasjon lettare.
<b>Vurdering:</b> Dette er ein overordna plan, eit politisk styringsverktøy der kommunen sin mål og strategiar på korleis tenester og informasjon skal vere tilgjengeleg digitalt for både innbyggjarar og tilsette i kommunane. Strategien er nyleg vedteken og følgjer opp og utdjupar godkjente kommuneplanar og andre føringar frå Nordfjordkommunane. Strategien gjeld fram til 2020 og det vert lagt til grunn at denne strategien vil møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga i planstrategiperioden.
<b>Tilråding:</b> Strategien vert vidareført.

### 5.2.10 IKT-strategi for Nordfjordkommunane 2016-2020

<b>Vedtak:</b> IKT-strategi for Nordfjordkommunane 2016-2020 vart vedteken administrativt av rådmannen i Eid kommune 9.mai 2016, jf. vedtak i sak 030/16. Denne strategien er også vedteken i dei andre kommunane i Nordfjord.
<b>Innhald:</b> IKT-strategi legg vekt på teknologiske føringar og kompetansebehov innanfor IKT området.
<b>Vurdering:</b> IKT-strategien skal vere det operative styringsdokumentet innan dette området og følgjer difor opp digitaliseringsstrategien. For at dette skal vere eit dynamisk verktøy er det ynskjeleg med årleg revisjon.
<b>Tilråding:</b> Strategien vert revidert årleg.
<b>Ressursbehov:</b> Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.11 ENØK-plan for Eid kommune

<b>Vedtak:</b> ENØK-plan for Eid kommune vart vedteken av Eid kommunestyre 14. mars 2013, KS-sak 010/13.
<b>Innhald:</b> ENØK-planen er forankra i kommunedelplanen for energi og klima. Planen inneheld framlegg til visjon, mål, strategi for ENØK-arbeidet i kommunen. Vidare er alle større bygg registrert med omsyn til status for energibruk, og det er sett opp framlegg til tiltak som bør gjennomførast.
<b>Vurdering:</b> Planen følgjer opp kommunedelplanen for energi og klima. Det vil vere hensiktsmessig å vente med revisjon av denne planen til kommunedelplanen er oppdatert med nye mål og strategiar for å møte aktuelle/sentrale utfordringar i samfunnsutviklinga.
<b>Tilråding:</b> Planen vert vidareført, revisjon bør vurderast nærare i samband med revisjon av kommunedelplan for energi- og klima.
<b>Ressursbehov:</b>

Dersom det vert ein revisjon, krev det at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.12 Spesialpedagogisk plan 2013-2017

<b>Vedtak:</b> Spesialpedagogisk plan for Eid kommune 2013 – 2017 vart vedteken av driftsutvalet i møtet 16. oktober 2013, jf. vedtak i DFU-sak 053/13.
<b>Innhald:</b> Intensjonen med planen er å gje informasjon om lovverk og rutinar i høve opplæringstilbodet for barn, unge og vaksne med særskilde behov til politisk nivå, tilsette i Eid kommune som har dette som arbeidsfelt og føresette. Planen inneheld mellom anna mål, kjenneteikn på god praksis og detaljerte instruksar.
<b>Vurdering:</b> Det bør utførast ein revisjon av planen i 2017.
<b>Tilråding:</b> Planen vert revidert i planstrategiperioden.
<b>Ressursbehov:</b> Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.13 Strategiplan for minoritetsspråklege

<b>Vedtak:</b> Strategiplan for minoritetsspråklege vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe i 2006.
<b>Innhald:</b> Planen gjer greie for korleis ein skal legge til rette for opplæring av minoritetsspråklege, og er i hovudsak retta mot skulen.
<b>Vurdering:</b> I planen er det lagt opp til evaluering av planen i 2009. Planen bør reviderast for å dekke ei større aldersgruppe og følgje opp nye føringar.  Planen bør følgje opp overordna mål i kommunedelplan for oppvekst. Revisjon av planen bør koordinerast med revisjon av plan for mottak av flyktningar i Eid kommune.
<b>Tilråding:</b> Planen vert revidert i planstrategiperioden.
<b>Ressursbehov:</b> Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.2.14 Førebyggjande handlingsplan for brann

<b>Vedtak:</b> Førebyggjande handlingsplan for brann vert årleg revidert av rådmannen.
<b>Innhald:</b> Planen følgjer opp krav i forskrift om brannførebygging.
<b>Vurdering:</b> Kommunen har ansvar for planlegging av førebyggjande arbeid, jf. forskrift om brannførebygging § 15 første ledd: "Kommunen skal fastsette satsingsområder og planlegge samarbeid og tiltak for å redusere den kartlagte risikoen for brann på en effektiv måte."
<b>Tilråding:</b> Planen vert revidert årleg.
<b>Ressursbehov:</b>

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 5.3 Beredskapsplanar

### 5.3.1 Overordna beredskapsplan for Eid kommune

**Vedtak:**

Beredskapsplanen vart vedteken av Eid kommunestyre 10. mars 2016, sak KS-021/16.

**Innhald:**

Beredskapsplanen inneheld ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. I denne hovudplanen er det gjeve eit oversyn over fleire fagberedskapsplanar. Planen inneheld avklaringar rundt tema som kriseleiing, krisekommunikasjon, evakuering, oversyn over ressursar, varslingslister og tiltakskort.

**Vurdering:**

Beredskapsplanen skal støtte krava i beredskapsforskrifta § 4. Sidan den overordna beredskapsplanen skal vere basert på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, bør beredskapsplanen reviderast i etterkant av risiko- og sårbarheitsanalysen. Revisjon av fagberedskapsplanar bør sjåast i samanheng med og vurderast ved revisjon av beredskapsplanen.

Den overordna beredskapsplanen skal koplast til den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen og alle underliggjande beredskapsplanar.

Beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong per år, jf. sivilbeskyttelseslova § 15. Rådmannen har fått fullmakt til å godkjenne årleg revisjon av beredskapsplanen.

**Tilråding:**

Planen vert revidert minimum årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.3.2 Smittevernplan

**Vedtak:**

Smittevernplan for Eid kommune vart utarbeidd i 2005. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2017-2019 at smittevernplan skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Smittevernplanen inneheld ein administrativ del med mellom anna målsettingar og ein operativ del som omhandlar smittvern i beredskapssituasjonen.

**Vurdering:**

Kommunen skal ha eit eige område i kommunen sin plan for helse- og omsorgsteneste som handlar om tiltak og tenester for å førebyggje smittsame sjukdommar og motverke at dei vert overført, jf. smittevernlova § 7-1. Kommunelegen skal utarbeide forslag til plan for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vern mot smittsame sjukdomar, her også beredskapsplanar, og organisere og leie dette arbeidet, jf. smittevernlova § 7-2.

Beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong per år, jf. sivilbeskyttelseslova § 15. Rådmannen har fått fullmakt til å godkjenne årleg revisjon av beredskapsplanen. Denne planen er ein del av beredskapsplanen og dette gjeld difor også for denne.

Smittevernplanen bør koplast til den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, den overordna beredskapsplanen og pandemiplanen.

For at denne planen skal kunne nyttast som eit verktøy i kritiske situasjonar er det behov for ein omfattande revisjon for å oppnå ein dynamisk smittevernplan. Det er alt sett i gang omfattande revisjon av smittevernplan. Framover vil det vere behov for årleg revisjon av denne når den er ferdig utarbeidd.

**Tilråding:**

Planen vert revidert minimum årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.3.3 Pandemiplan

**Vedtak:**

Pandemiplan for Eid kommune vart utarbeidd i 2009. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 ligg det inne for 2017-2019 at pandemiplan skal reviderast, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Pandemiplanen er ei oppfølging av nasjonal plan og inneheld målsetjing og tiltak kommunen har førebudd for å handtere ei uønskt hending som pandemi er.

**Vurdering:**

Pandemiplanen er ei form for risiko- og sårbarheitsanalyse med oppfølging i form av ein del beredskapsplan. Den nasjonale pandemiplanen vart revidert i 2014.

Beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong per år, jf. sivilbeskyttelseslova § 15. Rådmannen har fått fullmakt til å godkjenne årleg revisjon av beredskapsplanen. Denne planen er ein del av beredskapsplanen og dette gjeld difor også for denne.

Pandemiplanen bør koplast til den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, den overordna beredskapsplanen og smittevernplanen.

**Tilråding:**

Planen vert revidert minimum årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 5.4 Tilsynsplanar

### 5.4.1 Tilsynsplan etter forureiningsforskrifta

**Vedtak:**

Tilsynsplan etter forureiningsforskrifta for 2016, vart vedteken av teknisk- og samfunnsutvalet 12. februar 2016, sak TSU-sak 017/16.

**Innhald:**

Tilsynsplanen inneheld strategiar og mål for gjennomføring av tilsyn i saker etter forureiningsforskrifta.

**Vurdering:**

Tilsynsplanen skal etter ureiningslova med tilhørande forskrift reviderast og vedtakast på nytt for kvart år.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.4.2 Tilsynsplan for byggesak

**Vedtak:**

Tilsynsplan for byggesak for 2016, vart vedteken av teknisk- og samfunnsutvalet 18. mars 2016, sak TSU-sak 031/16.

**Innhald:**

Tilsynsplanen inneheld strategiar og mål for gjennomføring av tilsyn i byggjesaker.

**Vurdering:**

Tilsynsplanen skal etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter reviderast og vedtakast på nytt for kvart år.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

### 5.4.3 Tilsynsplan for brann

**Vedtak:**

Tilsynsplanen for brannførebygging vert årleg revidert av rådmannen.

**Innhald:**

Tilsynsplanen inneheld føringar for tilsyn etter brann- og eksplosjonsvernlova § 13.

**Vurdering:**

Forskrift om brannførebygging gjev føringar for korleis tilsyn etter brann- og eksplosjonsvernlova § 13 skal gjennomførast og prioriterast. Tilsynsplanen skal reviderast kvart år, dette vert gjort av rådmannen.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 6 Vurdering av systemet for å gjere plan til handling

### 6.1 Kommuneplanen sin handlingsdel

**Vedtak:**

Kommuneplanen sin handlingsdel vart vedteken av Eid kommunestyre 17. desember 2015, KS-sak 182/15.

**Innhald:**

Kommuneplanen sin handlingsdel følgjer opp kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen sin handlingsdel føl opp kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi.

**Vurdering:**

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som syner korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei fire neste åra eller meir og denne skal reviderast årleg, jf. plan- og bygningslova § 11-1. Kommuneplanen sin handlingsdel er innarbeidd i rutine og vert no revidert oppimot det årlege



arbeidet med revisjon av økonomiplan. Kommuneplanen sin handlingsdel skal også omfatte handlingsdelene i kommunedelplanane. Handlingsdelen bør utviklast til å bli meir heilskapleg inn i mot prioriteringar i økonomiplanen og verksemdplanane.

**Tilråding:**

Kommuneplanen sin handlingsdel vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 6.2 Økonomiplan

**Vedtak:**

Økonomiplanen vart vedteken av Eid kommunestyre 17. desember 2015, KS-sak 181/15.

**Innhald:**

Plan for drift og investering dei fire komande åra.

**Vurdering:**

Økonomiplanen skal vere oppdatert og bli revidert minimum ein gong per år, jf. kommunelova § 44.

**Tilråding:**

Planen vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 6.3 Årsbudsjett

**Vedtak:**

Årsbudsjettet vart vedteken av Eid kommunestyre 17. desember 2015, KS-sak 181/15.

**Innhald:**

Budsjett for drift og investering det komande året.

**Vurdering:**

Årsbudsjettet skal vedtakast innan årets utgang, jf. kommunelova § 45. Krav til innhald går fram av kommunelova § 46 med tilhøyrande forskrifter.

**Tilråding:**

Budsjettet vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 6.4 Verksemdplanar

**Vedtak:**

Verksemdplanane vert utarbeidd av den enkelte avdelingsleiar og godkjent av næraste overordna leiar.

**Innhald:**

Det er ein verksemdplan for kvar avdeling. Planane inneheld konkret tiltak for kvart tenesteområde.

**Vurdering:**

Verksemdplanane skal sikre at avdelingane i organisasjonen følgjer opp overordna mål og føringar for Eid kommune. I kommuneplanen sin handlingsdel 2016-2019 står det at personalplanlegging skal vere tema i fagplanar og verksemdplanar, dette er tiltak som ligg inne for 2016 og 2017-2019, jf. vedtak i kommunestyret 17. desember 2016, KS-sak 182/15. Verksemdplanane skal vere oppdaterte og vert revidert årleg. Rådmannen godkjenner verksemdplanane.

**Tilråding:**

Planane vert revidert årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.

## 6.5 Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport

**Vedtak:**

Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport vert vedteke av kommunestyret.

**Innhald:**

Rapportering av tenesteyting og bruk av økonomiske ressursar.

**Vurdering:**

Det er stilt krav til årsmelding, og årsrekneskap i kommunelova § 48 med tilhøyrande forskrifter. Desse oversiktene over ressursbruken skal vere oppdaterte minimum ein gong per år.

**Tilråding:**

Vert oppdatert minimum årleg.

**Ressursbehov:**

Revisjon krev at det vert sett av ressursar til formålet.